

Arkivverket

Pb. 4013 Ullevål Stadion
0806 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.

2025/952-2

Sakshandsamar

Knut Kjosås

Dato

28.11.2025

Høyringsfråsegn til forskrift om kva dokumentasjon som skal takast vare på for ettertida (bevaringsforskrifta)

IKA Hordaland ser den nye bevaringsforskrifta som eit nødvendig ledd i å oppdatere og samordne regelverket med ny arkivlov og arkivforskrift. Vi har difor ikkje merknader til einskilde paragrafar, men vil peike på nokre overordna utfordringar ved sjølve bevaringsregimet.

Mengda digital dokumentasjon veks samstundes som ressursane i arkivsektoren minkar. Prop. 52 L (2024–2025) slår fast at alt ikkje kan og ikkje skal takast vare på. NOU 2019:9 og Sluttrapporten frå bevaringsutvalet (2023) viser at meir bevaring ikkje automatisk gir betre samfunnsdokumentasjon, og at det er behov for tydelegare prioritering og kassasjon.

Vi meiner forskrifta må rettast mot dokumentasjon med størst verdi for samfunn, rettstryggleik og forskning, og kombinere tydelege prioriteringar med bruk av standardar og automatisering.

Bevaringsvurderingar bør i større grad gjerast på systemnivå, med nasjonale prioriteringar og felles bevaringsplanar per sektor og tenesteområde. Slik kan ein unngå at kvar kommune gjer dei same vurderingane, og ressursar kan frigjerast til kvalitet, tilgjengeleggjering og faktisk avlevering.

Vi ber Nasjonalarkivet ta initiativ til ei tverrsektoriell arbeidsgruppe med kommunal deltaking for å vidareutvikle bevaringsregimet og føreslå praktiske løysingar i tråd med desse prinsippa.

Vi er disponibele for å delta i ei slik gruppe.

Med venleg helsing

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

Kopi til:

Lars Fivelstad Smaaberg
Sandra Valskog
Rune Lothe

Kalfarveien 82
Kalfarveien 82
Kalfarveien 82